

# **Damevennene inviterer til Ope Møte i**

**Aktivitetshuset onsdag 4. januar kl.  
18.00**



I anledning kjøp av to hjartestartarar, inviterer Damevennene til ope møte i Aktivitetshuset der Sigurd Brattetveit frå Hjertevakten vil halda kurs i bruken av desse.

Vi håpar så mange som mogleg ser nytta av å læra seg dette og vil ta turen til Aktivitetshallen denne kvelden.

**MVH Damevennene**

**Bygda har fått på plass 2 hjartestartarar, ein i foajeen til Aktivitetshuset og ein i personalrommet på Hagetunet. Men korleis skal dei brukast i ein kritisk situasjon?**

**Det vil du få veta hvis du møter fram under møtet som Damevennene inviterar til i Aktivitetshuset onsdag kveld klokka 18 og som er kunngjort over. Møtet er sjølvsagt ope for alle.**

- Heldigvis er apparatet enkelt å bruka, ein får heile tida undervegs instruksjon om bruken vidare, seier eksperten Sigurd Bratttveit frå Løfallstrand. og Hjertevakten (under)

Det er han som skal instruere om bruken. Han har mykje kunnskap om livredning og er også forhandlar av det apparat som er kjøpt inn.

Damevennene har igjen gjort ein kjempejobb for eit godt føremål. Dei 2 hjartestartarane har kosta over 40 000 kroner. No håpar dei at mange ser nytta av å lære seg bruken av startarane og møter fram på onsdagskvelden

Av Ola Matti Mathisen



